Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

27.05.2020

FOT3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Fotterapi

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | Kandidaten skal kunne:<br>• Vurdere konsekvensar av det arbeidet som blir satt i gang<br>• Forstå kva det inneber å ha ein autorisasjon.<br>• Lover og reglar som styrer utføringa av arbeidet.<br>• Avlastningsprinsipp som behandlingsmetode.<br>• Dokumentere og vurdere eige arbeid. |
| **Andre opplysningar** | Du skal svare på alle delane av oppgåva |

# Oppgåve 1

Ei behandling som vert gjort av ein fotterapeut, krev sjølvstendigheit når det gjeld val, eigenvurdering og kvalitetssikring. Fotterapeuten er ofte åleine på jobb utan nokon å diskutere saman med.

a) Gjer greie for kva som styrer vala du tek i måten du arbeider på. Kva avgrensar eller set rammer for det du har lov til å arbeide med? Gje eksempel.

b) Fortel om kva som skjer viss ein pasient ikkje er nøgd med arbeidet ditt eller føler at ho/han har blitt behandla feil. Kva skal pasienten gjere, og korleis vil dette påverke deg?

c) Ein autorisasjon som helsepersonell betyr at ein står inne for den kunnskapen som yrket krev innanfor kompetanseområdet sitt. Nokre fotterapeutar som har autorisasjon jobbar ikkje som fotterapeutar, men berre som fotpleiarar. Dei fjernar hard hud, klipper og sliper negler og lakkar negler. Faget byggjer på heilt andre verdiar og pasientane kan ikkje forstå forskjellen på ein fotterapeut og ein fotpleiar. Nokon hoppar kanskje også over journalføring. Drøft om det då er riktig at dei som ikkje brukar fagkompetansen skal behalda autorisasjonen. Kven har ansvaret for kvalitetssikring?

# Oppgåve 2

Tradisjonelt har mykje av arbeidet til fotterapeutane handla om å lage avlastingar tilpassa pasienten sitt problem. Tanken er at det skal fordele trykket til andre stadar. Dei fleste opplever at dette hjelper, mens andre opplever at det blir trongare i skoen og kanskje det dannar seg andre trykkpunkt i staden.

a) Du har laga ei siliconavlasting, interdigitalt, mellom fjerde og femte digitus. Gjer greie for korleis du vil risikovurdere denne avlastinga så pasienten ikkje får nye trykk eller problem.

b) Du har laga ei skumrøyrsavlasting for å beskytte caput fyrste metatars hjå ei dame som har stor leddendring i samband med ein hallux valgus. Gjer greie for måloppnåinga, altså korleis du kvalitetssikrar at behandlinga di fungerer eller ikkje.

c) Du har laga ein innleggssåle med helforsterkar for smerte plantart på calcaneus. Du mistenkjer plantar fasciitt. Fortel korleis du tenkjer deg oppfølging om mål av denne behandlinga.

d) Gjer greie for kva som krevst av forarbeid før du lagar ei avlastning.

e) Fortel korleis du kan informere pasienten din om dei totale kostnadane innan behandlinga er over. Kva kan pasienten forvente seg, og korleis kan du seie kor lang tid behandlinga vil ta?

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Kandidaten skal kunne:<br>• Vurdere konsekvenser av det arbeid som blir satt i gang<br>• Forstå hva det innebærer å inneha en autorisasjon.<br>• Lover og regler som styrer utførelsen av arbeidet.<br>• Avlastningsprinsipper som behandlingsmetode.<br>• Dokumentere og vurdere eget arbeid. |
| **Andre opplysninger** | Alle oppgaver skal besvares. |

# Oppgave 1

En behandling som utføres av en fotterapeut, krever selvstendighet når det gjelder valg, egenvurdering og kvalitetssikring. Fotterapeuten er ofte alene på jobb uten noen å diskutere med.

a) Gjør rede for hva som styrer valgene du tar i måten du arbeider på. Hva begrenser eller setter rammer for det du har lov å arbeide med. Gi eksempler.

b) Fortell om hva som skjer hvis en pasient ikke er fornøyd med arbeidet ditt eller føler at hun/han har blitt behandlet feil. Hva skal pasienten gjøre, og hvordan vil dette påvirke deg?

c) En autorisasjon som helsepersonell betyr at man står inne for den kunnskapen som yrket krever innenfor sitt kompetanseområde. Noen fotterapeuter som har autorisasjon jobber ikke som fotterapeuter, men kun som fotpleiere. De fjerner hard, hud, klipper og sliper negler og lakker negler. Faget bygger på helt andre verdier og pasientene kan ikke forstå forskjellen på en fotterapeut og en fotpleier. Noen hopper kanskje også over journalføring. Drøft om det da er riktig at de som ikke bruker fagkompetansen skal beholde autorisasjonen. Hvem har ansvaret for kvalitetssikring?

# Oppgave 2

Tradisjonelt har mye av arbeidet til fotterapeutene bestått av å lage avlastninger tilpasset pasientens problem. Tanken er at det skal fordele trykket til andre steder. De fleste opplever at dette hjelper, mens andre opplever at det blitt trangere i skoen og kanskje det danner seg andre trykkpunkter isteden.

a) Du har laget en siliconavlastning, interdigitalt, mellom fjerde og femte digitus. Gjør rede for hvordan du vil risikovurdere denne avlastningen så pasienten ikke får nye trykk eller problemer.

b) Du har laget en skumrørsavlastning for å beskytte caput første metatars hos en dame som har stor leddforandring i forbindelse med en hallux valgus. Gjør rede for måloppnåelsen, altså hvordan du kvalitetssikrer at din behandling fungerer eller ikke.

c) Du har laget en innleggssåle med hælforsterker for smerte plantart på calcaneus. Du mistenker plantar fasciitt. Fortell hvordan du tenker deg oppfølging og mål av denne behandlingen.

d) Gjør rede for hva som kreves av forarbeid før du lager en avlastning.

e) Fortell hvordan du kan informerer pasienten din om de totale kostnadene innen behandlingen er over. Hva kan pasienten forvente seg, og hvordan kan du si hvor lang tid behandlingen vil ta?